



## Vedlegg B – Vurdering av kapasitet skule

Kapasiteten er vurdert basert på rapport datert 22.02.2015 utarbeidd av Norconsult "Utvikling i folketal i Lindås kommune 2010-2029, Prognose for utvikling av folketal, barnetal og elevtal i skulane sine inntaksområde". Rapport har bla. lagt til grunn utbyggingspotensiale for dei ulike skuleområda i perioden 2014-2030. Tabell 1 viser 409 born i 2029/30. Ref. KOMMUNEDELPLAN FOR GRUNNSKULEN I LINDÅS 2010 – 2020 Pkt. 2.8.3 Utforming av bygningsmassen skal skulane i Lindås dimensjonert for eit elevtal som ligger om lag 10 % høgare enn det talet på elevar som er venta i planperioden. Lindås kommune ønskjer å følgje tilrådde storleik for skular som er på maksimalt 450 elevar, som tilsvarar 10% auke i forhold til prognosane.

### Elevtalsprognose Alversund skule

(med faktiske elevtal frå skulen tom skuleåret 14/15)

	10/11	11/12	12/13	13/14	14/15	Prognose----->														
	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30					
1. årstrinn	52	55	73	45	54	52	50	47	53	43	55	48	49	52	54	57	58	61	61	64
2. årstrinn	59	51	57	71	40	53	52	50	48	53	43	55	48	49	53	54	57	58	61	62
3. årstrinn	41	61	50	56	68	40	52	52	49	47	52	42	54	47	49	52	53	56	57	60
4. årstrinn	60	41	62	47	55	68	40	52	51	49	47	52	42	54	47	48	52	53	56	57
5. årstrinn	65	60	41	65	45	56	68	40	52	51	49	47	52	42	54	47	48	52	53	56
6. årstrinn	55	63	59	43	64	45	58	70	42	54	51	49	54	44	56	49	51	54	55	
7. årstrinn	43	57	60	58	43	63	46	59	71	43	55	54	52	50	55	45	57	50	51	55
sum 1-7	375	388	402	385	369	377	366	370	366	340	355	349	346	348	356	359	374	381	393	409

Tabell 1 – Elevtalsprognoser Alversund skule, Norconsult 2015-02-22

Planavdelinga må i sitt arbeid vurdere behov for areal til skule i framtidig arbeid med kommunedelplan/Områdeplan. Prosjekgruppa har ikkje tatt omsyn til konsekvensar ved ein kommunesamanslåing her mot. eventuell endring av skulekrinsar, auke behov mot. tilflytting av flyktningar.

Prosjektet har fått spørsmål om skulen er tenkt stor nok.

Opplæringslova § 9-5 andre ledd lød slik:

«Til vanleg bør det ikkje skipast grunnskolar med meir enn 450 elevar.»

Stortinget har behandlet Proposisjon 72L "Endringar i opplæringslova" og har vedtatt å fjerne andre ledd i opplæringslovens §9-5 om anbefalt maksimal skolestørrelse.

Kunnskapsdepartementet mottok uttalelser fra 29 høringsinstanser da lovforslaget var ute på høring. Et stort flertall av de som uttalte seg støttet forslaget. Flere av uttalelsene går på at det er uheldig med en lovbestemmelse uten forpliktende innhold og at det må være opp til kommunene selv å bestemme hvor store skoler man ønsker å ha.

Utdanningsforbundet er blant instansene som ikke støtter forslaget. De mente at det er viktig med en øvre grense for hvor mange elever en skole kan ha, og viser blant annet til opplæringsloven §9a.

Departementet pekte på at man må legge til grunn en helhetlig vurdering i forhold til hva som vil være en god løsning for skolene lokalt. Størrelsen på skolene vil bare være èn av flere relevante



## LINDÅS KOMMUNE

faktorer. Andre faktorer kan for eksempel være elevgrunnlag, geografi, leder- og lærerstruktur, arkitektur og arealbruk (inne og ute).

Sjå link til tekst og informasjon om storleik på skulari landet.

<http://www.skoleanlegg.utdanningsdirektoratet.no/artikkel/145/24/Lovtekst-om-skolestorrelse-fjernet>.



### Ref. I Kommunedelplan for skule 2014-2018 kap. 4 Kapasitet og Arealnorm

Arealnorm for bruttoareal pr. elev er i Lindås kommune ulik frå skule til skule avhengig av ulike lokale tilhøve, og om det er snakk om nybygg eller rehabilitering av gamle bygg. Til dømes har ein i prosjektet for ny Alversund skule lagt seg på 12 m<sup>2</sup>/elev utan kroppsøving. Dette skuldast at vi har både nynorsk- og bokmålsklassar på Alversund. Dette tyder i praksis at ein ikkje får optimalisert klassane i høve til tal elevar, og det er behov for ulik storleik på romma samt fleire klasserom enn om skulen ikkje hadde hatt språkdeling bokmål/nynorsk. Eit døme kan vere at ein har 56 elevar på eit trinn. Dette ville gitt to fulle klassar på 28 elevar. Om 10 elevar på eit trinn vel bokmål, må dei resterande 46 elevane delast i to klassar.

#### Arealnorm for rehabilitering av Leiknes var:

Bruttoareal (BTA) utan kroppsøving: 13,4 m<sup>2</sup> pr. elev

Bruttoareal (BTA) med kroppsøving (Storstova): 21,3 m<sup>2</sup> pr. elev

#### Arealnorm for ny skule på Seim var:

Bruttoareal (BTA) utan kroppsøving: 14,1 m<sup>2</sup> pr. elev

Bruttoareal (BTA) med kroppsøving : 16,8 m<sup>2</sup> pr. elev

I rettleiande arealprogram for barneskule over 400 elevar frå «Kommunedelplan for skule 2010-2020», opererer ein med BTA på 11,0 m<sup>2</sup> pr. elev utan kroppsøving og BTA pr. elev på 12,2 m<sup>2</sup> medrekna kroppsøving.

#### Konklusjon:

Kapasitet må vurderast ut frå storleik på undervisningsrom og elevtal ved skulen, etter den mest gunstige fordelinga av elevtal pr. klasse. I praksis vil dette svært sjeldan vere ein realitet, slik at ein ved rehabilitering og nybygg bør vurdere å ha 10-15 % å gå på i høve til kapasitet.